

Guri Vesaas:

Synspunkt på ny nynorsk rettskriving 25. 02. 2011

I EIGENSKAP AV BARNEBOKREDAKTØR I DET NORSKE SAMLAGET gjennom 40 år har eg alltid vore glad for dei valfrie formene i nynorsk. Dei har ført til at fleire forfattarar bl.a. frå Nord-Noreg, Trøndelag og andre stader med bokmålsopplæring i skulen har funne ut at dei kunne dikte på nynorsk, og barn på dei same kantane har i neste omgang kunna finne spor av talemålet sitt i nynorske barnebøker. Derfor er eg ikkje så glad for at ein no skal stryke mange av desse formene, for eg er slett ikkje overtydd om at det er dei som er skuld i vanskane for den vanlege nynorskbrukaren. Hovudskulda har den elendige nynorskundervisninga som har dominert i ættled etter ættled, saman med det overveldande bokmålspresset og den derav følgjande låge statusen som nynorsken har fått også i "kjerneområda". Det står dårleg til praktisk tala overalt; i min eigen heimkommune Vinje kan mange kommunetilsette knapt skrive rett, i lokalavisa verserer dei evige feila pluss stadig nye (men hurra for Vest-Telemark Blad likevel, der får no dei innfødde lese lokalnytt på nynorsk 3 dagar i veka!), i NRK går det ikkje ein dag utan ein kan høyre nynorskfeil på P2, i offentlege skjema på nynorsk finn ein alltid feil, og på Universitetet i Oslo – om ein til dømes går på nettet og les om faget Italiensk språk - er faget skildra på ei utruleg blanding av bokmål og nynorsk (om det ikkje er retta opp sidan i fjor).

NEI, EG TRUR IKKJE DET ER VALFRIDOMMEN SOM ER PROBLEMET. Nemndmedlemmene har då òg registrert at mange av dei velsigna sideformene som finst har vore lite i bruk, og derfor bør gå ut. Eg spør meg sjølv om det ikkje er den mangelfulle undervisninga som gjer at dei valfrie formene ikkje er brukte. Sjølv fekk eg ikkje vite før i vaksen alder at eg frå første skuledag i 1945 kunne ha fått skrive "hennes" og "deires" akkurat som eg snakka, i staden for det framandslege "hennar" og "deira". Eg ser at nemnda er inne på same tanken t.d. med utbreidde talemålsformer som -lig-endinga; ein er overraska over liten skriftleg bruk av denne. Eg undrast om ikkje noko av grunnen her er at Helleviks ordliste har gøymt denne sideforma litt bort i grammatikkdelen som få set seg inn i: I sjølve ordlista står ikkje sideforma oppført. (Kvifor?) Nokre av "mine" forfattarar t.d. frå Rogaland (og Høyanger, og Troms) var stornøgde då eg viste dei at -lig faktisk er sideform. Dei vil visseleg halde fram å skrive -lig.

DET IMPONERANDE OG GODE ARBEIDET SOM ER GJORT, FÅR VI HÅPE VIL HA GOD VERKNAD, endå eg for min del ikkje ser at nynorsken blir vesentleg enklare å bruke når den nye norma er innført. Det som må til, er ei kraftig nivåheving av nynorskundervisninga, ja, av norskundervisninga i det heile. Desse to krafttaka til saman kan kanskje gjere susen?!

(Pluss at barn med nynorsk opplæringsmål må tvangsforast med lystlesnad på nynorsk, slik at det språket dei skal tileigne seg som sitt blir noko meir enn eit skulebokspråk. For kvar elles får dei sjå språket sitt på trykk?)

I DET FØLGJANDE TEK EG FOR MEG DEI SPØRSMÅLA DE VIL HA SYNSPUNKT PÅ,

dvs eg nemner berre det eg er imot!

1. –lig-endinga bør få leve vidare, for å vise at nynorsken er for heile landet.
2. Av same grunn bør ikkje diftong vere einerådande i ord som køyre, høyre, trøytt, trøyste, gøyme, drøyme.
3. Nei til følge, bølge osv.!
4. Samsvarbøying. For ei ulykke at ein byrja å tukle med den i 1981! Fram til då gjekk det av seg sjølv på mine kantar. Eg trur unntakslaus samsvarbøying er lettast å lære, så det ønskjer eg å få tilbake. Det nye framlegget er ei forbetring, men – som de skriv – mange kan ha problem med å skilje mellom sterke og svake verb. Det skal vere visst! Nei, la oss få total samsvarbøying, då blir det også lettare å lære italiensk!
5. Nei til dykk jamstilt med de! Vi får halde fram – og ut – med de og dykk. Vi har omtrent like store problem med desse to orda landet rundt, så la oss lide saman!
6. NOE og MYE vil alltid låte som bokmål for slike som meg, men på andre kantar kan dei orda gjere nynorsken etande, så dei kan vere bra å ha med vidare. BARE er svært utbreidd, ikkje berre i Rogaland og Agder, men også i nedre Telemark osv., og eg synest den forma skal bli ståande. Det same med SKOLE, så innarbeidd som den forma er blitt. (Rett nok hjelpte eg far min med å innføre SKOLE i "Noveller i samling" i 1964 – han var som kjent svært interessert i å følgje med på det nye, men fekk lite eller ingenting av språkleg rettleiing på forlaget sitt; der hadde dei som klokkartru at alle nynorskingar er språkeksperter, så ingenting vart retta på frå deira side. Men då eg seinare høyrde far lese opp frå denne utgåva, las han også skole, og dét lét ikkje godt. Eg fekk frie hender til å rette tilbake i neste omgang, noko eg fekk høve til i 2007 då boka kom i pocket.)
7. Siste sukk gjeld kløyvd infinitiv! Som eg har i blodet, men som eg vande meg av med då eg fekk jobb i Samlaget og skulle praktisere 59-rettskrivinga både eksternt og internt. No, etter 41 år med e-infinitiv, prøver eg å ta den kløyvde tilbake, for den synest eg er vakrast. Det blir lett altfor mykje a-ar i nynorsk skriftmål! Ein av våre mest produktive notidsforfattarar har a-infinitiv i talemålet, men lid så mykje over å sjå alle a-ane stimle saman på papiret at han har gått over til -e i skrift. Den kløyvde infinitiven gir ei perfekt blanding, så la han leve sitt liv ved sida av -a og -e!

TIL SLUTT NOKRE ORD LAUST SAMLA SAMAN:

Nei til bunadar og villaar!

Nei til å stryke myser – mysene! Musene er nokon heilt andre vesen, meir til inspirasjon.

Nei til stryking av krokut!

Heilt samd med Lars Vikør i synet på appetitteleg, makleg og opphaveleg. Pluss sjukeleg!

JA til svømme! Og svømte. Endeleg! (Endå eg seier sømje, såmde, har såmt.)